




HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 79

NR. **01** APRIL 2026



«No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror»

(Elias Blix, 1875)

Ord til ettertanke

Av Stein Oltedal



Kva som skjedde i påska i Jerusalem for snart 2000 år sidan, kven Gud er og kvifor dette med Jesu frelsargjerning måtte skje, det fattar vi ikkje.

Bibelen fortel at Gud skapte menneska, små og skøyre, i sitt eige bilete, for å tilhøyra han og leve i gledesfellesskap med han.

Gud sitt farshjarte har blødd, like frå æva av, med tanke på kva det ville kosta han å vinne oss tilbake.

Vi kan bare ta imot ein slik kjærleik, og gje vår vesle takk og ære.

Eg er bergteken.

På Kristi openberringsdag hørde vi Jesu yppersteprestlege bøn (Johannes evangelium kapittel 17) kor vi blir tekne med inn i Jesu samtale med Gud og får kjenne på Jesus omsorg for alle hans venner, til alle tider over heile jorda.

Det står skrive i 17,3: «Og dette er det evige livet, at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du sende, Jesus Kristus.»

Ein person i Vik fortel meg om hans kjærleik til boka Salomos ordspråk i Det gamle testamente.

Her er noko eg har funne:

10,22. «Det er Herrens velsigning som gjer rik, eige strev legg ingen ting til.»

16,1ff «Menneskehjarta legg sine planar, men svaret på tunga kjem frå Herren. Ein mann kan synast at hans ferd er rein, men Herren prøver tankane. Legg alt du gjer i Herrens hand, så skal planane dine lukkast.»

16,24 «Venlege ord er drypande honning, søte for sjela og sunne for kroppen.»

2

TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 ♦ soschat.no

KIRKENS SOS

Konfirmasjonar

VÅREN 2026

Feios

laurdag 9. mai

kl. 11.00

Fride Mathilde Holen
Sander Hov Grindedal

Vik

laurdag 30. mai

kl. 11.00

Amalie Tenold
Aurora Fosse Hove
Dag Henning Skjerven
Enok Francis Wang
Guro Mårdalen Tistel
Hedda Helleland Tistel
Ines Husabø
Isak Bettum
Johannes Solheim Refsdal
Lars Hønsi
Live Tistel Grov
Lucas André Stenen
Mathea Bakkebø Skogsrud
Sara Emilie Heggenes
Sigurd Opheimshaug Moheim
Sondre Refsdal



Helsing frå Feios sokneråd



Mellomtrinnet på Feios skule syng.

Tradisjonen tru inviterte Feios sokneråd til adventskonsert i Feios kyrkje 14. desember.

Elevar frå Feios skule, elevar ved kulturskulen, Gygrene, Rune Hjortland og fleire frivillige stilte med musikalske innslag og deltok i samspelet. Det er skikkeleg kjekt å kunne samle lokale musikalske krefter, med eit aldersspenn frå 9 – 84 år!



*Jenny Elise spelar gitar og Ingvild syng...
Tor Bjarne ved pianoet.*

Foto frå konserten: Gunnar Grindedal


4

Feios sokneråd vil takke Kari Rinde for ei flott pengegåve til Feios kyrkje.

Gåva skal gå til ny løpar i midtgangen i kyrkja.
Ny løpar er ei sak Feios sokneråd arbeider med i tida framover.

- Ann Iren Borlaug

(Biletet til høgre viser korleis løparen ser ut no.)



Medarbeiderfest

Onsdag 28. januar inviterte Fellesrådet ansatte og frivillige frå alle 5 sokn til den årlege Medarbeiderfesten på Kyrkjestova. Me var omlag 30 stk og det vart ein koseleg kveld med mat, prat, og to quizar:

Kyrkjetenar Nils Kvamme tok oss med gjennom sokna ved hjelp av ein biletquiz med foto frå sine mange år som kyrkjetenar. Kyrkjeverje Turid Brekke, saman med soknerådsleiar Reidun Bolstad, tok oss gjennom kjente vers på feil melodiar – som vi i grupper skulle prøve å kjenne igjen.

Marit og Turid frå kyrkjekontoret var på kjøkenet og diska opp med karbonadesmørbrød til alle! – Ein fin og munter kveld!


Krista Revsbech
organist



*Eksempel på ein frivillig medarbeider:
Janet steiker lekre vafler på tysdagar til
babysong-foreldre.*



*Eksempel på ein ansatt medarbeider:
Nils Kvamme styrer gravemaskinen med kyndig
hand i all slags vør, både sommar og vinter.*



VANGSNES:

Rehabilitering av taket på Vangsnes kyrkje



Frå Riksantikvaren sitt fotoarkiv. Fotograf Normann, truleg frå rundt 1950.

Tre kyrkjetak skal rehabiliterast i dei komande tre åra og første kyrkje ut er Vangsnes.

Kyrkjene er signalbygg og viktige kulturminne i bygdene våre. I 2022 starta fellesrådet eit arbeid med kartlegging av tilstanden på kyrkjene og i dette arbeidet kom det fram at tilstanden på skifertaka på Feios, Vangsnes og Vik kyrkje er kritisk; heller ligg laust, det er fare for at dei kan losne og taka er ikkje lengre tette. Skal vi ta vare på bygga for framtida er tett tak viktig for å stoppe forfall.

Rett før jul slutførte vi

tilbodskonkurransen på jobben med rehabilitering av taket på Vangsnes kyrkje og inngjekk kontrakt med Skifertak as.

Etter påske vil det koma opp stillas og måndag 13. april vil dei, etter planen, starte opp med arbeidet på sjøve taket. Byggeperioden vert frå 13. april – 29. mai.

Skifertak AS har varsla om at dei legg opp til lange arbeidsdagar med 10 timar (07:00 - 17:00) på kvardagar og 5 timar på laurdagar.

Eksisterande yttertak, på kyrkjeskipet, skal

demonterast inn til sutaket. Nytt yttertak skal byggjast opp med takpapp, lekter og sløyfer, ny ruteskifer, beslag og takrenner. Dersom ein oppdagar råte på sutaket må det utbetrast undervegs.

Taket er utforma med ein vipp eller svai (svaitak), og med store ruteheller vert det vanskeleg å få til eit tett løysing i sjølve svaien. Derfor hadde fellesrådet eit ynskje om å leggja dråpeskifer på taket med tanke på at dette er eit format som lettare kan tilpassa seg svaien. I tillegg er det dråpeskifer på taket på sakristiet.

Vangsnes kyrkje er ei listeført kyrkje, det inneber at ho har eit vern som gjer at riksantikvaren skal uttale seg i samband med byggetiltak. Dimensjon og utforming på skiferen har dermed vore drøfta med riksantikvaren og tilbakemeldinga var tydeleg. Vangsnes kyrkje har med stort sannsyn alltid hatt ruteskifer og dette formatet må vidareførast. I dialog med riksantikvaren har vi derfor kome fram til at vi held på ruteskiferen, men at vi går ned på dimensjonen på rutene slik at dei i større grad vil tilpassa seg og liggja tettare i svaien på taket.

Deler av gravplassen har i lengre tid vore sperra av



Frå Riksantikvaren sitt fotoarkiv. Etter restaurering på 1950-talet (usikker datering). Endra storleik på ruteheller som har ført til 8 og ½ rader, i forhold til 6 og ½ rad tidlegare. Bildet viser sakristi før tilbygg i 1986.

p.g.a. fare for at heller skal løysne og koma ned. Det er derfor svært gledeleg at dette arbeid kjem i gang.

No sikrar vi Vangsnes kyrkje for mange nye år og i juni kan vi fjerne sperringane på kyrkjegarden.

*I Vik jobbar me no med innstudering av eit påskespel.
I neste blad vil me fortelle korleis det gjekk!*

Påskespel

Med elevar frå 1.-5. klasse på Flatbygdi Skule

*Kvifor heiter det Palmesøndag?
Skjærtorsdag? Langfredag? Påske?*

Syngjospel i fem akter oppføres
i Kyrkjestova, Vik torsdag 26. mars kl. 19.00
Alle er velkomne!

Innstudering: Ine Marie Aase • Tekst og musikk: Krista Revsbech



Helsing frå Vik sokneråd

Tekst og foto: Reidunn Bolstad



Julafta gledde Vik Musikklag alle i Vik kyrkje med vakker musikk - under leing av Olav Fjærestad.

I dag er det siste vinterdagen, og me nyttar høvet til å mimra litt attende til julefeiringa 2025.

Kyrkja er eit samlingspunkt i jule- og nyttårshelga – og på julafta har me byrja å nærma oss besøkstala frå før coronaen. Julestemninga er på topp i gudstenesta. Og når dyktige karar kimer jula inn frå kyrkjetårnet frå kl 17, då er det verkeleg jul i bygdi.

Sidan våren nærmar seg med stormsteg vil me gjerne få kalla inn til vårdugnad på kyrkjegardane våre ved Vik og Hopperstad kyrkje tysdag 28.04 kl. 17. Ta med eigna hagereiskap som t.d. rive. Me syter for anna utstyr.

Tek med bilete frå fjorårsdugnaden – me var så heldige med veret og fekk nyta sola på kyrkjetrappa – før ein gjekk i gang med arbeidet med «Ein inngang for alle». Me er svært glade for at me har fått ein ny og flott inngang, som gjer kyrkja lettare tilgjengeleg for alle.



Reidunn Bolstad og Berit Koltveit hadde 15 års jubileum som kyrkjevertar julaftan dette året: «Me held ut i 15 år til!»



Pause med «pausegodt» høyrer med i finvêret!



Julaftan: Alle må få sjå!



Ministrantane Aurora og Sondre hadde full kontroll på lystenninga

VANGSNES - EIN DELTAKER FORTEL:

Lun og stemningsfull gudsteneste i Vangsnes kyrkje, julaftan 2025



Prost Kjell Olav Nordheim i Vangsnes kyrkje. Foto: Marianne Lunde

Som tidlegare år, vart det halde gudsteneste i kyrkja vår klokka 14 på julaftan. Mange hadde funne vegen. Lunt og stemningsfullt var det i kyrkja, med pynta juletre og mange tende lys. Prosten vår, Kjell Olav Høstaker Nordheim, forretta med vakre ord og tonar.

Dei kjende og kjære julesongane, som Det Lyser i Stille Grender, Velsigna du dag over fjordan, Stille Natt, med fleire, lydde vakkert saman med orgelet.

Takkofferet gjekk til Frelsesarmeen.

Til postludium song prosten med tonefylgje frå orgelet: «O, helga natt». Svært vakkert!!

Me gjekk heim, med kjensla av å ha opplevd noko godt og vakkert saman.

Alle dei små minnelysa ute på gravlunden, lyste også opp julekvelden, som eit ynskje om berre ei lita stund med: Fred på jord.

Kyndelsmessebasaren 2026

Basaren vart arrangert i Kyrkjestova laurdag 31.jan.

Det var nok litt mindre frammøte enn vanleg, sikkert av ulike grunnar; kulde, influensa og andre arrangement.

Men stemninga var på topp under dei fire åreomgangane, og vinnarsjansane var store. Vikarprest Stein Oltedal hadde ord for dagen, og under kaffipausen kunne ein nyte dei gode bakverka og fellesskapet rundt bordet.

Hovudtrekninga hadde 54 gevinstar.



Hjarteleg takk:

Hjarteleg takk til Osvald Risløw som hadde ansvar for trekninga!

Takk til alle som gav mat, ordna til lokalet og rydda etter basaren!

Hjarteleg takk til alle privatpersonar som støtta med flotte gevinstar og loddkjøp - også på Extra når vi selde lodd på førehand.

Hjarteleg takk til bedrifter for gevinstar:

XL-bygg Røyrvik, Vik Elektro, Ostebaren, Spar Vik, Sogn sparebank, Folietec, Tistels Auto, Petal, Coop Extra, Berdalsbui, Monicasalongen, Statkraft, Frisørstova, YX Vik, Arkitektfirma J. Vikøren AS, Blix Hotell, Carfix, Godbit, Vik fargehandel, VikØrsta, Byggfag Vik, Vik apotek, Accountor, Coop byggmix, Geithus VVS, Linn Bad, Sogneprodukt, Fjordsylv, Highsoft og Sognekraft.

BRUTTORESULTAT VAR KR. 37.291,-

Basarpengane blir sendt til **Det Norske Misjonsselskap** som arbeider i 18 land for å betre menneske sine levevilkår og dele den kristne budskapet.

Vi tek mot nye foreningsmedlemer med glede!

Flatbygdi kvinneforening

Kontaktperson: Kirsti Jelle Hopperstad • tlf. 911 01 653

Kyrkjestova Misjonslag (også for menn!)

Kontaktperson: Tove Sortevik Geithus • tlf. 908 09 113

TO MISJONSFORENINGER I VIK:


Flatbygdi kvinneforening

er den eldste aktive misjonsforeninga i Vik. Misjonsforeninga blei etter det vi veit starta i 1860. I daglegtaleten gjekk foreninga lenge for "Prestegardsforeningen". Det var stas å få gå på foreningsmøte hjå presten.

Foreninga har i alle år støtta Det Norske Misjonsselskap (NMS) og har særleg hjarte for Madagaskar då vi har hatt fleire misjonærar der frå/i Vik.

Siste åra har foreninga hatt samlingane sine på Kyrkjestova, for tida første torsdag i månaden kl. 12.00 - 13.30 i vinterhalvåret. Høgtider og andre arrangement gjer at vi av og til skifter dato.

Kyndelsmessebasaren har ein lang tradisjon laurdagen nærast 2. febr. Vi er svært takksame til alle som støttar basaren og at Kyrkjestova Misjonslag også er med å arrangere basaren no.



Madagaskar ligger vest for Afrika. På Madagaskar samarbeider NMS med Den gassisk-lutherske kirke for å styrke utdanning, bekjempe fattigdom og inkludere syns- og hørselshemmede. Lokal bibeloversettelse og klimasmart jordbruk gir håp til minoritetsgrupper og familier gjennom hele øya.

Nye medlemmer er hjarteleg velkomne!

Kontakt: Kirsti Jelle Hopperstad
tlf. 911 01 653

Kyrkjestova Misjonslag

støttar Det Norske Misjonsselskap (NMS) og Normisjon. Misjonsforeninga er for både menn og kvinner.

Saman med Flatbygdi Kvinneforening arrangerer vi Kyndelsmessebasar til inntekt for NMS.

Møtestad er Kyrkjestova. Vi møtes som regel 3. torsdag i månaden kl 11.00.

Våren 2026 vert det møte:

- Torsdag 19. mars kl. 11.00
- Onsdag 15. april kl. 11.00
- Torsdag 21. mai kl. 11.00
- Torsdag 11. juni kl. 11.00

Velkomne til gamle og nye misjonsvenner.

Kontakt Normisjon
Tove S. Geithus
tlf 90 80 91 13

Kontakt NMS
Inger Marit Hove
tlf: 91 52 75 69

NY SOMMAR-KONKURRANSE

Mange barn har blitt døypte i Vik i den siste tida.

Kva kyrkje er det som har dette døypefatet med motiv av ein mann på hest som kjempar med ein fæl drage?

Denne kyrkja har og eit måleri med motiv av Jesus som blir døypt med vatn frå eit muslingskal.



VINTERKONKURRANSEN

der vi viste dette tekstilbiletet av dua (som er opphengt sentralt i kyrkja), gav ingen vinnar denne gongen. Så no er det moglegheit for eit nytt forsøk!

Supplerande informasjon:

I same kyrkje finn du også motivet av den søkkjande Peter, og Jesus som går på vatnet og trekk han opp.

Kvar har du sett dette motivet?



Svar på begge konkurransar innan 15. juli til kristarevsbech@gmail.com

– gevinst kan avhentes på kyrjekontoret

Prestens refleksjonar



Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Vik.



Om-organisering, også i kyrkja?

Kjem vi til å halde på alle kyrkjene, sokneråda og gudstenestene i Vik?

Vi veit at det er ein kamp i småbygdene våre om å halde på barnehagar, skular, eldretilbod, butikk og andre servicetilbod. Alt endrar seg. Vi har bygder i kommunen vår kor ein kjempar og klarer å halde på både skule og butikk. Det gjer forskjell, det vi tek tak i.

Politikarane våre må prioritere i kommunale budsjett. Kva fortener å få middel? Alle ser at kyrkjene våre blir eldre og at vedlikehaldsetterslepet veks. Mange kommunar i Sogn og Fjordane prioriterer å ha ei hovudkyrkje, både med omsyn på vedlikehald, fornying, gudstenestefrekvens og tal sokneråd.

Bruken av kyrkjene våre fortel om desse husa er verdt å ta vare på. Vi krysser bygdegrensar for å dra på arbeid eller vere med på noko.

Tilbod om kyrkjeskys til gudstenestene våre: Sjå info i kyrkjelydsbladet med namn på soknerådsleiar, han kan vidareformidle til dei som køyrer.

Til alle gudsteneste i småbygdene våre er det presteskys frå Vik sentrum. Det er ledige plassar i bilen. Å besøke nabokyrkjelydar er hyggeleg, og det byggjer! Ta kontakt.

Prost Kjell Olav Høstaker Nordheim har no ute ei høyring i alle sokneråda kor han stiller spørsmål med om korleis vi bruker personalressursane i sokneråda våre. Korleis kan vi forenkle ein gamal og tung struktur?

Samtalegruppe/ Bibelen er viktig

Vi er ein del i Vik som kjem saman og les komande søndags tekstar og samtalar om våre tankar og spørsmål. Blir vi fleire enn 10 personar ein kveld, deler vi oss i fleire grupper, slik at alle kan få kome til.

Det er ikkje slik at leiaren først seier kva orda betyr, det finn vi alle ut i lag. Ein treng heller ikkje lova å kome på alle samlingane, kvar kveld står på sine eigne bein.

Vi samlast i kyrkjestova i Vik annakvar onsdag kl 19.30 til 21.00 (i oddetalsveker).

Alle er velkomne!

Kyrkja for alle aldre

....også i Vik kommune



Deltakere ved babysong på Kyrkjestova i Vik januar 2026



Julegudsteneste torsdag før jul 2025 - i nytt fellesrom på Vik Helse- og Omsorgssenter.



«Høyr på meg, du Jakobs hus,
alt som er att av Israels hus,
de som vart lyfte opp heilt frå fødselen,
og som vart borne heilt frå mors liv:

Eg er Han, heilt til de blir gamle,
eg vil bera heilt til håret er grått.
Eg har alt gjort det.
Eg lyfter, eg ber og bergar.»

(Jesaja 46, 3-4)

Familiégudsteneste i Vik kyrkje november 2025.

Helsing frå Frøydis



Frøydis O. Nordbustad bur no på Vik Helse- og Omsorgssenter og tek trufast del i andaktene der.

Frøydis har hatt oppimot 60 av sine arbeidsår for Iraqw-folket i Tanzania. På veggene på sjukerommet hennar på omsorgssenteret i Vik heng det fullt av avisoppslag om det ho har vore med på og betydd. Livet hennar for dette folket har vore mest språkarbeid og omsetjingsarbeid.

Men no har livet blitt annaleis for Frøydis, ho finn ikkje lenger dei rette orda på tankane ho har, og heller ikkje svar på alle mine spørsmål. Men Frøydis er likevel tydeleg, ho får med seg mine spørsmål, og ho svarar så godt som ho kan.

På borda på rommet hennar står det 2 bilet-skjermar kor bilet-kavalkadar rullar og går. Medan eg var på rommet hennar

såg eg helsingar på skjermene frå vener i Norge og frå medarbeidarar og vener i Tanzania. Ja det kom endåtil eit bilete av ei ung afrikansk kvinne, med tittelen «nye Frøydis». Arbeidet hennar i Tanzania går vidare. Nokre av hennar vener er flinke til å vere på facetime med Frøydis.

Det er hyggeleg å besøke Frøydis, ho takkar meg alltid for besøket når eg går og seier, du må kome snart att.

Eg tenkte først å lage eit intervju med Frøydis i kyrkjelydsbladet, men fann ut at det prosjektet ville bli for stort.

Så her kjem ei lita helsing frå Frøydis til dykk i Vik.

Stein, vikarprest



Barnas

Finn 5 feil

Disse to bildene er nesten helt like. Klarer du å finne 5 feil på bildet under?



Tegning: Aleksei Bitskof




Labyrint



Tegninger:
Chiara Bertelli

Filip fortalte om Jesus til mange som han møtte. En av de han møtte var en etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne veien til ham.



Ordsøk

I rutenettet gjemmer det seg 10 land. Let bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D



Gi bladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vitser:

- Hunden min har ingen nese.
- Hvordan lukter den, da?
- Forferdelig.

Hvilken hage skal ikke vannes? Barnehagen!



Døyppte:

Arnafjord:

25.01.2026 Ellinor Grindedal Otterskred

Feios:

01.03.2026 Emil Fedje Grøneng

01.03.2026 Jens Lunde Sætre

Fresvik:

09.11.2025 Jørgen Gulbrandsen-Bøtun

Vangsnes:

09.11.2025 Valentin Przeniczka-Kløve

14.12.2025 Brage Halset Undi

Vik:


16.11.2025 Endre Noss Vangsnes

16.11.2025 Eli Løyning Tjønn

14.12.2025 Jesper Seljestø Bjørsvik

18.01.2026 Alma Fretheim Børven

01.02.2026 Liam Schau Sæterlid



Uigde

Hove:

25.10.2025 Ragnhild Sveen Tande og Øyvind Østenseth

Vik:

17.01.2026 Silje Totland Borlaug og Svein Borlaug

Gravferd – urnenedsetjing:

Arnafjord:

27.02.2026 Olav E. Nese f. 1941

Feios:

30.01.2026 Jenny Johansen f. 1939

30.01.2026 Nora Aslaug Austbø f. 1932

Fresvik:

07.11.2025 Jon Skau f. 1951

Vangsnes:

29.01.2026 Hildeborg Haugen f. 1944

Vik:

21.11.2025 Gjertrud Orvedal f. 1933

23.01.2026 Borgny Hønsi f. 1929

27.01.2026 Tordis Olaug Grønsberg f. 1941

05.02.2026 Kirsten Gjerde f. 1939

06.02.2026 Johan Olai Hove f. 1942

13.02.2026 Ola Tuxen Hove f. 1936

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

E-POST: KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Turid K. Brekke

e-post: turid.kristine.brekke@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

tlf. 922 28 593

KONTORTID

kl. 10–15, man–ons

Kyrkjelydsarbeider

Marit J. Andersen

tlf. 906 86 227

Fungerande sokneprest i Vik

Stein Oltedal

tlf. 970 08 600

e-post: steinoltedal4@gmail.com

Sokneprest Balestrand og konfirmant- og fengselsprest i Vik

Runar Marsui-Li

tlf. 488 90 086

e-post: RM677@kyrkja.no

Organist

Krista Revsbech

tlf. 921 61 625

e-post: kristarevsbech@gmail.com

Leiande kyrkjetenar

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

e-post: nils.kvamme@vik.kommune.no

Kyrkjetenar i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Arne-Olav Lien Bardølsgård

tlf. 995 52 549

SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Julie Kristin Ness

tlf. 994 89 216

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnes:

Tommy Halset

tlf. 909 12 621

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Silje Grønningsæter

tlf. 992 76 293

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770



Hopperstad stavkyrkje fotografert på vintertid. På jonsokkveld blir det gudsteneste i kyrkja kl. 18.00

VELKOMMEN TIL KYRKJE

16. apr kl. 11.00 Fresvik	4. søndag i påsketida. Joh 16,16-22 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
03. mai kl. 11.00 Vik	5. søndag i påsketida. Joh 15,1-8 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
09. mai (laurdag) kl. 11.00 Feios	(6. søndag i påsketida. Luk 18,1-8) Konfirmasjonsgudsteneste v/ Stein Oltedal
10. mai kl. 11.00 Vangsnes	(6. søndag i påsketida. Luk 18,1-8) Gudsteneste v/ Stein Oltedal
17. mai kl. 13.00 Vik Helse- og Omsorgssenter	Grunnlovssdag. Luk 1,50-53 Festgudsteneste v/Stein Oltedal. Frelsesarmeen tek del.
24. mai kl. 11.00 Arnafjord	Pinsedag. Joh 20, 19-23 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
30. mai (laurdag) kl. 11.00 Vik	(Treeinighetssøndag. Matt 28, 16-20) Konfirmasjonsgudsteneste v/ Stein Oltedal
07. jun kl. 11.00 Feios	2. søndag i treeining. Matt 3, 11-12 Blomstergudsteneste v/ Stein Oltedal
14. jun kl. 11.00 Fresvik kl. 16.00 Vik	3. søndag i treeining. Luk 14, 15-24 Blomstergudsteneste v/ Stein Oltedal Blomstergudsteneste v/ Stein Oltedal
23. jun (tysdag) kl. 18.00 Hopperstad	Jonsok. Luk 1,5-17 Jonsokmesse

